



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Voss, 09. mars 2017

Høyringsuttale om løyve til å bygge Urdlandselvi kraftverk.

Voss Naturvernlag er lokallag i Norges Naturvernforbund og har motteke *Småkraft AS* sin søknad om løyve til å bygge Urdlandselvi kraftverk i Voss kommune.

Generelt om tiltaket

Kraftverket vil nytte eit fall i Urdlandselvi på 140 meter frå inntaket på 430 moh til kraftstasjonen på 290 meter. Vassvegen på 1620 meter skal gravast ned heile vegen. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 1,0 MW og vil etter planane gje ein årsproduksjon på 6,55 GWh.

Om småkraftverk

I ei masteroppgåve ved Institutt for geografi ved NTNU har Anna Guri Aase i 2013 gjennomført studien «Natural Resource Management». I oppgåva er det gjort ei samanlikning mellom tre former for fornybar energiproduksjon og deira påverknad på kringliggjande natur. Dei tre fornybare energikjeldene er:

- 1) Småskala vasskraftutbygging
- 2) Storskala vasskraftutbygging
- 3) Vindkraft

og dei er vurdert i forhold til fire parametrar:

- direkte arealbruk
- synlegheita av anlegget
- raudlistearter innan ein radius på 2 og 10 km
- overlapping med inngrepssfrie naturområde (INON)

Analysen er basert på data frå m.a. 27 småkraftverk i Hordaland og Sogn og Fjordane og konkluderar med at småskala vasskraftutbygging kjem därlegast ut for tre av dei fire parametrane, og er samla sett det därlegaste alternativet mellom dei tre formene for energiproduksjon som studien omfattar.

Om Urdlandselvi

Norsk Natur Informasjon (NNI) har utarbeidd ein rapport om verknadene av tiltaket på miljø, naturressursar og biologisk mangfold i området. I dette arbeidet har NNI brukt dei malar og vgleiarar som er tilrådd av styremaktene. Det siste året har det vore gjennomført undersøkingar (m.a. i Øystesevassdraget) som tyder på at det kan vere ei underrapportering av raudlistearter og

trua naturtypar i slike rapportar. Det ligg ikkje føre noko dokumentasjon på at det er slik i dette tilfellet, men me ber NVE om å vere merksam på den generelle situasjonen. Voss Naturvernlag er likevel skeptiske til, og direkte ueinig i dei vurderingar som NNI gjer med omsyn til kva konsekvensar utbygginga vil få for naturverdiane i området.

Urdlandselvi er ei sideelv til Vossavassdraget som er eit verna vassdrag. Vossavassdraget er i dag eit av få større gjenverande uregulerte vassdrag på Vestlandet som renn fritt frå fjell til fjord. At det finst store naturverdiar i eit verna vassdrag seier seg sjølv.

Konklusjon

På bakgrunn av dei vurderingane som er gjort for å gje Vossavassdraget status som eit verna vassdrag vil Voss Naturvernlag gå i mot utbygging av Urdlandselvi kraftverk.

Med helsing

Voss Naturvernlag

Kåre Flatlandsmo

leiar